



Notat

Kulturmidlar 2017 – drift Vurdering av søknadane

Organisasjon 17/16-41 -6-7	SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG - Søknad om grunnstønad og tiltak
Drift:	<p>Folkemusikklaget er ein ideell organisasjon som arbeider for å ta vare på og vidareformidle folkemusikk- og dansetradisjonane i fylket vårt. Organisasjonen har 500 betalande medlemmer, 53 under 26 år. Medlemane er fordelt på 20 lokallag i 26 kommunar i fylket. Folkemusikklaget står bak ei rekkje tiltak og arrangement på lokalnivå. Organisasjonen avviklar kappleikar, seminar/kurs og bidreg til å skape gode og fungerande møteplassar for formidling. Det viktigaste arrangementet er det årlege sommarkurset på Mo. Tiltaka er opne for alle og det er særleg born og unge som deltek. Gjennom organisasjonen vert det gitt opplæring i spel, dans, song, m.m. og arbeider for at eit fleirkulturelt samfunn skal få kjennskap og kunnskap til sein eigen kultur og kulturarv. Hovudpostane på utgiftssida er løn til sekretær i halv stilling, instruktørar og kursverksemd. På inntektsida kjem kursavgifter, medlemskontingentar og offentlege tilskot.</p> <p>Budsjett: kr 726 000,- Søknadssum til drift : kr 220 000</p>
Prosjekt	<p><u>Mokurs</u></p> <p>Folkemusikklaget søker og om tilskot til Mokurset. Kurset har vore arrangert kvart år sidan 1984 og er eit sommarkurs i folkemusikk- og dans og er det einaste sommarkurset i landet som fokuserer på folkemusikk- og dansetradisjonar på Vestlandet. Kurset er for alle aldersgrupper. Kurset vert finansiert gjennom egne midlar, deltakaravgift og gåver/sponsorar.</p> <p>Budsjett: kr 530 440,- Søknadssum: kr 20 000,-</p> <p><u>TØFT – Rekrutteringsprosjekt</u></p> <p>Dextra Musica har gjeve FolkeOrg ei pengegåve til ei treårig satsing på rekruttering innan folkemusikk og dans. Fem prosjekt med 100 000 til kvart prosjekt. Sogn og Fjordane Folkemusikklag ønskjer å søkje på desse midlane til rekrutteringsprogrammet TØFT. Målet med prosjektet er å samle og rekruttere fleire ungdommar til sosiale helgar der det vert sett lys på det unike med folkemusikkmiljøet. Det vil bli eit løft for lokallag, kulturskular og folkemusikkmiljøet elles. Ei vidareføring av Mo-kurset med helgesamlingar fire gonger i året på ulike stadar i fylket. Folkemusikklaget er avhengig av ekstern finansiering for å få til dette prosjektet.</p> <p>Budsjett: kr 250 000,- Søknadssum: kr 50 000,-</p>

Vurdering	Fokemusikklaget er ein fylkesdekkande kulturorganisasjon som bidreg til å skape gode arenaer for formidling, rekruttering og kompetansehevande tiltak innan folkemusikkfeltet. Folkemusikklaget sin samla innsats, og ikkje minst det dei har fått til gjennom Mo-kurset, er ein viktig årsak til Sogn og Fjordane sin posisjon innan folkemusikkområdet i Norge. Fylkesdirektøren ser det som positivt at aktiviteten aukar med nye tiltak og tilrår tilskot til drift og tiltak.				
Budsjett:	530 440 (drift) 783 440 (prosjekt)	Søknads -sum:	220 000 (drift) 20 000 (Mokurs) 50 000 (TØFT)	Vedtak:	Kr 180 000 til drift Kr 20 000 til Mo- kurset. Kr 50 000 til prosjekt TØFT

Organisasjon 17/16-40 og 30	Det frivillige skyttarvesen, Fjordane krets - Søknad om grunnstønad og tiltak				
Drift:	Det frivillige skyttarvesen har som formål å fremme god våpenkultur og praktiske ferdigheter og sikre tilgang til desentralisert skytebanestruktur til nytte for forsvaret og samfunnet. Fjordane krets dekker heile fylket og laga er organisert med ungdomsutval som har ansvar for rekruttering og oppfølging av skyttarane. Det vert arbeidd med kurs, miljøtiltak, samlingar og ulike aktivitetar som er retta born og unge. Av laget sine totale medlemar på 9424 er 2191 under 26 år. Laget sine inntekter er kontingentar og ulike tilskot. Budsjett: 171 000 Søknadssum: kr 30 000				
Prosjekt	Det frivillige skyttarvesen søker og om prosjektmidlar til å skape trivsel, samhald og nettverksbygging innanfor skytesporten for dei unge. Prosjektet skal gå over 3 år og dei søker om totalt kr 90 000 over 3 år. Det vert i 2017 lagt opp til to campar der dei vil ha fokus på nettverksbygging med sosial aktivitet i tillegg til skyting. Prosjektet skal finansierast av egne midlar og fylkeskommunalt tilskot. Budsjett: totalt over 3 år: 507 000 Søknadssum over 3 år : 90 000 Budsjett pr år: kr 169 000 Søknadssum i 2017: kr 40 000				
Vurdering	Det frivillige skyttarvesen har stor aktivitet retta mot barn og unge og er såleis i tråd med satsingane i kulturstrategien. Kulturmidlar vert ikkje løyvt over fleire år. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd eit samla tilskot til Det frivillig skyttarvesen i år til drift og tiltak.				
Budsjett:	171 000 (drift) 169 000 (prosjekt)	Søknadssum:	30 000 (drift) 40 000 (prosjekt)	Vedtak:	Kr 20 000

Organisasjon 17/16-3	SOGN OG FJORDANE MÅLLAG - Grunnstønad				
Innhald	Sogn og Fjordane Mållag er ein fylkesdekkande kulturorganisasjon som har 20 lokallag i 20 kommunar i fylket med har 1024. Organisasjonen har ikkje tilsett løna personell. Laget arbeider bl.a. med å følgje opp språkbruk og målsak og organisering av kurs. Inntekter er kontingent og tilskot. Budsjett: 40 200 Søknadssum: kr 12 000				
Vurdering	Nynorsken er framheva som gjennomgåande perspektiv i kulturstrategien. Ut frå mållaget sitt arbeid med språk og nynorsk i fylket, tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd tilskot til Sogn og Fjordane Mållag.				
Budsjett	35 870	Søknadssum:	12 000	Vedtak:	Kr 10 000

Organisasjon 17/16- 8 og9	NORGES KORFORBUND SOGN OG FJORDANE (NKSF) - Drift og tiltak				
Drift	Korforbundet er ein frivillig kulturorganisasjon med oppgåve å tilby song i korrørsla og å skaper eit aktivt musikkmiljø i fylket med vekt på song. Korforbundet har 1288 medlemar, der 75 er under 26 år. Korforbundet vil i 2017 satse på å få til utdanning for dirigentar og kurs. Organisasjonen har ikkje tilsett lønna personale.				
Tiltak:	Korforbundet søker og om tilskot til påskeoratoriet «Det er fullført». Tilbod til kor og enkeltsongarar i heile fylket til å vere med i eit prosjektkor og framføre påskeoratoriet «Det er fullført».				
	Budsjett: kr 188 000		Søknadssum: kr 40 000		
Vurdering	Organisasjonen har i hovudska vaksne medlemar. Fylkesdirektøren ser det som viktig å spreie korsang i samfunnet og tilrår tilskot til Korforbundet. Fylkesdirektøren tilrår at det vert løyvd eit samla tilskot til Korforbundet på kr 60 000. Det vert ikkje løyvd ekstra tilskot til tiltak.				
Budsjett	188 000 (tiltak)	Søknadssum:	80 000 (drift) 40 000 (tiltak)	Vedtak	Kr 60 000 til drift og tiltak

Organisasjon 17/16-21	KFUK - KFUM Sogn og Fjordane				
Drift	Organisasjonen sitt mål er å skape arrangement for alle i trygge og rusfrie former. Aktiviteten er mykje knytt opp mot at organisasjonen samlar barn og unge til leiraktivitetar, kurs og leiartrening. Organisasjonen har 23 lag i 10 kommunar i fylket. Av 623 medlemar er 388 under 26 år. Utgiftene er knytt til personalkostnadar (2,0 årsverk) og møteverksemd. Inntektene er i stor grad gåver/kollekt, egne inntektsgjevande tiltak og fylkeskommunalt tilskot.				
Vurdering	Organisasjonen sitt arbeid er i stor grad retta mot aktivitetar for barn og unge, men arrangementa er opne for alle. Gjennomgåande perspektiv i kulturstrategien er fylkeskommunen si satsing på barn og unge og at kulturtilbod skal vere tilgjengeleg for alle. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd tilskot til KFUK-KFUM-krinsane i fylket.				
Budsjett	Ca 1,4 mill	Søknadssum:	Kr 152 660	Vedtak	Kr 100 000

Organisasjon 17/16-38	SOGN OG FJORDANE HUSFLIDSLAG				
Drift	Sogn og Fjordane Husflidslag er ein kultur- og interesseorganisasjon som er ein leiande aktør innan kulturvern, handlingsbåren kunnskap og næringshusflid. Dei arbeider bl.a. for å ivareta handverk, teknikkar, fagkunnskap og jobbar mot å bevare «identiteten» vår i form av kunnskapsformidling og ekspertise til komande generasjonar. Sogn og Fjordane Husflidslag har ca. 700 medlemar. 195 medlemar er under 26 år. Laget arbeider innanfor dei satsingsområde Norges Husflidslag trekkjer opp. I arbeidsplanen for 2017 skal dei bl.a. auke born og unge sin kunnskap om og dugleik i husflid. Husflidslaget har ullprosjekt som satsingsområde i og skal delta på UKM si fylkesmønstring med workshop. I tillegg arrangerer dei temadagar og regionale samlingar, driv næringsutvikling og synleggjering. Organisasjonen har tilsett personell i 0,3 årsverk. På inntektssida er dei største postane medlemskontingent, momskompensasjon, lotteri, kursavgifter og offentleg tilskot.				
Vurdering	Sogn og Fjordane husflidslag er med å styrkje den levande husflidstradisjonen i fylket ved å organisere aktivitetar og tiltak som utviklar husflidsinteresse, kunnskap, produksjon, omsetning og vidareformidlar husflidstradisjonar.				

	Fylkesdirektøren ser positivt på laget sitt arbeid mot barn og unge og det viktige arbeidet husflidslaget står for med å ta vare på den immaterielle kulturarven. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd midlar til Sogn og Fjordane Husflidslag.				
Budsjett	Kr 264 400	Søknadssum:	Kr 180 000	Vedtak:	Kr 60 000

Organisasjon 17/16-1	FOLKEAKADEMIET I SOGN OG FJORDANE				
Drift	Organisasjonen driv folkeopplysning og kulturprogram i tettstader og byder i fylket. Folkeakademiet er ein fylkesorganisasjon for 10 lokallag i 11kommunar i fylket. Laget har 332 medlemar, dei fleste er over 20 år. Folkeakademiet har fått 2 nye akademi og inngått eit samarbeid med fylkesbiblioteket for å støtte turnear til biblioteka. Nytt satsingsområde «frå innvandrar til medborgar» som skal vere med å skape møteplassar i bygdene. Utgiftspostar er løn, drift og turneutgifter. Inntekter er offentleg tilskot, turnemidlar m.m.				
Vurdering	Gjennom sitt aktivitetsprogram bidreg Folkeakademiet med kulturformidling til ulike aldersgrupper lokalt i fylket. Fylkesdirektøren ser og positivt på det samarbeidet som er inngått med biblioteka i fylket. Fylkesdirektøren tilrår at det vert løyvd midlar til Folkeakademiet.				
Budsjett	Kr 461 000	Søknadssum:	Kr 150 000	Vedtak:	Kr 90 000

Organisasjon 17/16-2	PENSJONISTFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE				
Drift	Pensjonistforbundet er ein frivillig organisasjon med målgruppe dei eldre i samfunnet Forbundet formålsparagraf og eldrepolitisk handlingsprogram ligg som fundament i arbeidet for å skape best mogleg tilhøve for pensjonistar og for å styrkje deira stilling i samfunnet. Pensjonistlaget har 39 lag i fylket, og aktivitet i alle kommunane med 4312 medlemar. Dette vert gjennomført ved foredrag, sommartreff, regionale samlingar, kurs m.m. Viktig føresetnad for laget sitt arbeid er likeverd mellom generasjonane og organisasjonsutvikling. Utgifter er i hovudsak til sekretær (100 % stilling), kontingent og kurs. Inntekter kjem frå medlemskontingentar, fylkeskommunalt tilskot, Sparebankstiftinga og tilskot frå Norsk Pensjonistforbund.				
Vurdering	Fylkesdirektøren ser primært på kulturaktiviteten til laget og at deira bidrag med å aktivisere eldre i Sogn og Fjordane. Pensjonistlaget er og ein viktige medspelar i å utvikle gode og tilpassa kulturtiltak for eldre, t.d. gjennom Den kulturelle spaserstokken. Aktive eldre er ein viktig ressurs i samfunnet. Som tidlegare legg vi ved fordelinga i år likevel vekt på medlemstal til barn og unge, noko som vil gje utslag her.				
Budsjett	Kr 1 040 000	Søknadssum:	Kr 120 000	Vedtak:	Kr 60 000

Organisasjon 71/16-16	BILETKUNSTNARANE I SOGN OG FJORDANE -Søknad om grunnstønad				
Drift	Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane (BKSF) er ein fagorganisasjon for profesjonelle biletkunstnarar i Sogn og Fjordane. BKSF arbeider for å betre arbeidskåra for profesjonelle biletkunstnarar i fylket og arbeider målretta for å skape eit nettverk for kunst og kultur i fylket. Dei ser det som viktig å utvikle eit samarbeid med Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Organisasjonen har 46 medlemar, der alle er over 26 år. Organisasjonen dekker heile fylket, men har ikkje lokallag. Inntektene er i hovudsak tilskot frå NBK og andre offentlege tilskot.				
Vurdering	Kunst og kultur er eit av satsingsområda i kulturstrategien. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd tilskot til Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane.				
Budsjett	Kr 104 561	Søknadssum:	Kr 25 000	Vedtak:	Kr 15 000

Organisasjon 17/16-19	Sogn og Fjordane krins av Norges KFUK-KFUM speidarar - grunnstønad				
Drift	Sogn og Fjordane krins av KFUK-KFUM-speidarane deler forbundet sine prioriterte satsingsoppgåver som er oppleving – vekst – leiarar – synleg. Det vil gje born og unge ei god oppleving av kva speidarlivet er. Det vert arrangert ulike samlingar i løpet av året. Målet er å behalde medlemsmassen og auke leiarkompetansen. Organisasjonen har totalt 478 medlemmar, der 416 er under 26 år.				
Vurdering	Fylkesdirektøren legg vekt på medlemstal av barn og unge og aktiviteten i organisasjonen og tilrår tilskot til KFUK-KFUM speidarane.				
Budsjett	Kr 92 000	Søknadssum:	Kr 15000	Vedtak:	Kr 15 000

Organisasjon 17/16-22	4H Sogn og Fjordane				
Drift	4H Sogn og Fjordane held kurs, leirar og klubboppfølging. Organisasjonen har 1693 medlemmer, der 1653 er under 26 år og har 73 lokallag fordelt på 21 kommunar i fylket. Medlemne er stort sett barn og unge og gjennom 4H-arbeidet får mange unge organisasjonskunnskap, leiartrening og arrangørkompetanse. Organisasjonen engasjerer seg i kulturelt arbeid lokalt, i ulike prosjekt og har tilsett prosjektleiar til å jobbe med prosjekta «Samspel» og «Draumeplassen». Organisasjonen sine utgiftene er i hovudsak knytt opp mot stillingar (1,6 årsverk), prosjektarbeid, kurs, og leirar. På inntektssida kjem stønad frå landbruksorganisasjonar, kursinntekter, momskompensasjon, fylkeskommunalt tilskot, kontingentar, lotteri, m.m.				
Vurdering	4H er ein organisasjon som dekkjer heile fylket og der organiseringa av arbeidet går ned på grendenivå. Organisasjonen her eit sterkt samfunnsengasjement knytt til barn og unge sine interesser. Fylkesdirektøren ser på tal unge medlemmar og tilrår tilskot til organisasjonen.				
Budsjett	5,1 mill kr	Søknadssum:	Kr 350 000	Vedtak:	Kr 300 000

Organisasjon 17/16-35	SOGN OG FJORDANE SKRIVELAG				
Drift	Sogn og Fjordane Skrivelag er ein fylkesdekkande organisasjon og har som formål å fremje skrivelysta og auke skrivekompetansen i fylket. Organisasjonen har 38 medlemmar, i hovudsak er medlemne over 26 år. Dei arrangerer skrivekurs med fokus på kreativ skriving. Dei har lukkast i arbeidet med å få med unge deltakarar.				
Vurdering	Fylkesdirektøren ser det som positivt at skrivelaget tilbyr opplæring og lagar nettverk for skrivetalent i fylket og særleg at dei får unge med på skrivekurser. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd tilskot til Sogn og Fjordane Skrivelag.				
Budsjett		Søknadssum:	Kr 10 000	Vedtak:	Kr 10 000

Organisasjon 17/16-5	NORSK MUSIKKORPSFORBUND, NORDVEST				
Drift	NMF Nordvest (Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) har 2414 medlemmar som høyrer til i Sogn og Fjordane. Organisasjonen har medlemmar i fylket fordelt på 80 lag/korps i 23 kommunar i Sogn og Fjordane. Av 2211 medlemmar er 1317 under 26 år. Den økonomiske støtta frå fylkeskommunane vil bli brukt til aktivitetar i det fylket som har fått tildelt midlane. Fylkesleddet har ansvar for tiltak som opplæringstiltak, kurs, leirar, stemner m.m. Organisasjonen har tilsett daglig leiar og musikkonsulent, i tillegg til at det vert utført ca 1,6 årsverk lønna arbeid ved kurs. Hovudinntektene for Musikkorpsforbundet er fylkeskommunalt				

	tilskot og påmeldingsavgifter. Utgiftene er knytt til løn/honorar, reise- og opphaldsutgifter ved ulike aktiviteter. NMF søker om tilskot til drift.				
Vurdering	Fylkesdirektøren ser positivt på det arbeidet som Musikkorpsforbundet gjer og at det vert lagt til rette for at musikkorps vert ein attraktiv fritidsinteresse for barn, unge og vaksne.				
Budsjett	2,7 mill kr	Søknadssum:	Kr 300 000	Vedtak:	Kr 230 000

Organisasjon 17/16-10 og 44	NORSKE TREKKSPILLERES LANDSFORBUND (NTL), avd. Sogn og Fjordane - grunnstønad og aktivitetsstønad.				
Drift	NTL Sogn og Fjordane er ein fylkesdekkande organisasjon med 170 medlemar, der 60 av medlemane er under 26 år. NTL si oppgåve er å skape aktivitet som i varetek og utviklar utøvarane og rekrutterer nye. Dei arrangerer kurs og opplæring bl.a. for å rekruttere lærarar til kulturskulane og for unge og eldre. Hovudarrangementet er distriktsmeisterskapet. Det vert leigt inn hjelp får sekretær.				
Tiltak:	Hovudarrangementet er distriktsmeisterskapen som vert arrangert kvart år. Utøvarar frå heile fylket får høve til å kvalifisere seg til NM på trekkspel. Unge utøvarar frå Sogn og Fjordane har ved fleire høve plassert seg heilt i toppen. Det vert søkt om midlar til distriktsmeisterskap og om tilskot til kurs for unge utøvarar.				
Vurdering	NTL har stor aktivitet retta mot barn og unge og rår til at det vert løyvd grunnstønad tilskot til organisasjonen. Det vert ikkje løyvd ekstra tilskot til distriktsmeisterskapet som vert å sjå på som ein del av drifta.				
Budsjett	Kr 31 100 (drift) Kr 58 000 (tiltak)	Søknadssum:	Kr 50 000 (drift) Kr 40 000 (tiltak)	Vedtak:	Kr 15 000 til drift og tiltak.

Organisasjon 17/16-24	Norges Husflidslag - grunnstønad				
Drift	Norges Husflidslag arbeider for å styrke dei levande kulturhandverks- og husflidstradisjonane i Norge. Norges Husflidslag har i dag 18 tilsette husflidskonsulentar i 17 fylke. Finansiering av ei slik stilling er tufta på ein modell der fylkeskommunen går inn med tilskot tilsvarande ¼ av ei stilling, medan Kulturrådet gjennom Norges Husflidslag dekker resten. Norges Husflidslag søker om vidareføring av ordninga med husflidskonsulentstilling i Sogn og Fjordane. Norges Husflidslag har som mål at dei skal vere ein leiande aktør i Noreg innan næringshusflid og har husflidsfag og næring som ein av kjerneaktivitetane. Gjennom slik vinkling vil dette vere i tråd med kulturstrategien i Sogn og Fjordane.				
Vurdering	Fylkesdirektøren ser at det er viktig at ein eigen husflidskonsulent i Sogn og Fjordane må rette seg mot å hjelpe enkeltaktørar i å utvikle næringsretta tiltak. Samstundes vil ein eigen konsulent kunne drive aktiv oppfølging av ungdomsklubbar i Ung Husflid og arbeide for å synleggjere aktivitetane t.d. gjennom større deltaking på UKM. Dei samarbeider og med musea om formidling av tradisjonshandverk til skulane. Fylkesdirektøren rår til ei vidareføring av ordninga med husflidskonsulentstilling i Sogn og Fjordane.				
Budsjett	Kr 850 000 (Sogn og Fj.)	Søknadssum:	Kr 270 000	Vedtak:	Kr 170 000

Organisasjon	BRAK
--------------	-------------

17/16-34					
Innhald	Brak er kompetansesenter og interesseorganisasjon for det rytmiske musikkmiljøet i Hordaland og Sogn og Fjordane. Medlemene er enkeltpersonar, eit band eller ein festival. Organisasjonen si målsetjing er å kunne hjelpe alle som arbeider med musikk på alle nivå, uansett spørsmål og problemstilling. Braks visjon er å være ein dørøpnar, rettleiar og bindeledd som løftar alle aktørar innan musikkfeltet til neste nivå. Dei arrangerer kompetansehevande kurs innan ulike område, som låtskriving, lyd- og lysproduksjon, økonomi m.m. Eit av tiltaka er og kursopplegg under UKM. Ei stor satsing er bransjetreffet Blest, som er ein samlingsplass for musikkmiljøet i fylket med konsertar og seminar. Brak er finansiert av Bergen kommune, støtte frå Norsk Kulturråd, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune.				
Vurdering	Brak jobbar mykje for å engasjere og støtte ungdom i fylket. Fylkesdirektøren ser på arbeidet med Blest og UKM i Sogn og Fjordane som svært positivt. Brak har hatt fast plass på statsbudsjettet sidan 2007. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd midlar til Brak.				
Budsjett	4,3 mill kr	Søknadssum:	Kr 250 000	Vedtak:	Kr 100 000

Organisasjon 17/16-27	SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG (SOFUL)				
Innhald	Sogn og Fjordane ungdomslag har 1119 medlemar, der 789 er under 26 år. 40 lokallag i 26 kommunar. Søknaden omhandlar tilskot til drift av SOFUL og Huset i Bygda. SOFUL driv med frivillig arbeid innan folkedans, folkemusikk, revy, teater, idrett og andre klubbaktivitetar. SOFUL sitt hovudsatsingsområde dei siste åra har vore Huset i Bygda, der målsetjinga er å gjere eigarar av ungdomshus og andre organisasjonseigde hus betre i stand til å at vare på og utvikle kulturbygga som organisasjonane eig.				
Vurdering	Fylkesdirektøren ser at det arbeidet organisasjonen gjer er viktig og rår til at det vert løyvd midlar til drift. SOFUL satsar på arbeidet med Huset i Bygda. Fylkeskommunen har inngått utviklingsavtale med SOFUL om prosjektet «Huset i bygda».				
Budsjett		Søknadssum:	Kr 250 000	Vedtak:	Kr 50 000

Organisasjon 17/16-39	SOGN OG FJORDANE SYMFONIORKESTER				
	Sogn og Fjordane Symfoniorkester (SOFORK) som starta opp i 2003. SOFORK eit fylkesdekkande tiltak for å forene alle musikarar med interesse for klassiske musikk i samspel på høgt nivå. Musikarane er unge og vaksne, profesjonelle og amatørar som skal få oppleve å musisere i symfoniorkester. Det er ein viktig møtestad for profesjonell, musikkstudentar og amatørar frå heile fylket. SOFORK har fått støtte frå fylkeskommunen, sponsorar, m.m. Unge strykarelevar frå ulike kulturskular i fylket medverkar. Distriktsmusikarane i fylket utgjer ei viktig grunnstamme i dette orkesteret, samstundes som orkesteret er eit viktig motivasjons- og utviklingstiltak for musikarane. I år er prosjektet «Romantisk musikk», der dei spelar symfonisk musikk av bl. Tchaikovsky. I 2017 er det konsertar i Førde og på Sandane. Inntektene er offentlege tilskot, billettinntekter og egne midlar.				
Vurdering	Fylkeskommunen skal arbeide for å styrke lokale utøvarar og produksjonsmiljø og bidra til å fylle kulturhusa med kulturtilbod. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd tilskot til Sogn og Fjordane Symfoniorkester.				
Budsjett	Kr 375 000	Søknadssum:	Kr 150 000	Vedtak:	Kr 100 000

Organisasjon 17/16-37	VESTLANDSUTSTILLINGEN (VU)				
Innhald	Vestlandsutstillinga er ei årleg vandreutstilling, som vert vist i 4 Vestlandsfylke og mottek støtte frå alle 4 fylka. VU er eit samarbeid mellom dei fire vestlandsfylka, kunstnarorganisasjonar og kunstlag på Vestlandet. Formålet er å arrangere ei årleg utstilling med kunstnarar som har tilknytning til Vestlandet. Utstillinga skal vise samtidskunst av høg kvalitet og alle kunstnarar med tilknytning til Vestlandet har rett til å sende inn arbeid for vurdering. Vestlandsutstillinga mottek støtte frå dei tre andre fylkeskommunane, og kunstforeningar. Visingsstad i Sogn og Fjordane er i år i Førdehuset 2. sept. Inntektene er basert på offentleg støtte.				
Vurdering	Fylkesdirektøren viser til at profesjonell kunst og kultur er eit av satsingsområda i kulturstrategien og rår til at det vert løyvd tilskot til Vestlandsutstillinga.				
Budsjett	Kr 512 000	Søknadssum:	Kr 120 000	Vedtak:	Kr 100 000

Organisasjon 17/16-31	DEN NORSKE BOKBYEN				
Innhald	Den norske bokbyen i Fjærland søker om driftsmidlar til gjennomføring av ulike aktivitetar i 2017. Bokbyen sel bruktbøker i fleire utsal og har litterære kulturarrangement kvart år. Dei har eige tilbod til barn og unge gjennom Barnebokbyen. Målet er bl.a. å skape eit kultursentrum omkring boka, auke leselyst med vekt på litteratur og det nynorske språket og løfte fram forfattarskap. Dei har fått tildelt midlar frå Norsk Kulturråd og støtte frå Fritt Ord.				
Vurdering	Fylkesdirektøren ser det som eit viktig og verdifullt arbeid å ta vare på og formidle litteratur og det nynorske språket. Gjennomgåande perspektiv i kulturstrategien er born og unge og nynorsk skriftspråk. For søknadar om tilskot til drift seinare år, er det eit vilkår at også Sogndal kommune yter tilskot. Ut frå dette tilrår fylkesdirektøren at det vert løyvd midlar til Den norske bokbyen.				
Budsjett	Kr 1 235 000	Søknadssum:	Kr 75 000	Vedtak:	Kr 50 000

Organisasjon 17/16-26	STIFTINGA SINGERHEIMEN				
Innhald	Stiftinga Singerheimen er ein ideell organisasjon som har som formål å vedlikehalde hus, inventar og kulturskattar som ekteparet Singer gav til folket i Sogn og Fjordane. Stiftinga Singerheimen skal og drive egedomen på ein verdig måte som ein kulturinstitusjon. Fylkeskommunen hadde tidlegare ansvar for drift og vedlikehald ved Singerheimen. Singerheimen er ei eiga stifting med eige styre. Hovudutval for kultur nemner opp styret. Økonomisk grunnlag for drifta og vedlikehald vert skaffa til veie gjennom inntekter ved utleige, kurs og omvisning i tillegg til tilskot frå fylkeskommunen, kommunen, m fl. Stiftinga har ei stor bygningsmasse å ta seg av. Det er løyvd midlar frå Kulturminnefondet til vedlikehald. Det har den siste tida vore jobba for å få nye målgrupper til å bruke Singerheimen og få til eit anlegg som kan presenterast med stolt- og verdigheit overfor omverda. Singerheimen vil 2017 jobbe med å styrke det forretningsessige grunnlaget for Singerheimen.				
Vurdering	Det er sett i gang ein dugnadsinnsats gjennom Singerheimens Venner, men det krev likevel midlar til utstyr og vedlikehald. Det vert og prøvd ut nye måtar å få inn pengar på til Singerheimen. Fylkeskommunen har starta ein dialog med styret for stiftinga om framtidig organisering/eigartilhøve for Singerheimen. Tilskot vert relatert til drift av Singerheimen, og istandsetjing av bygningar og er føresett inngå som regional støtte knytt til statlege støtteordningar. Fylkesdirektøren rår				

	til at det vert løyvd tilskot til Singerheimen				
Budsjett		Søknadssum:	Kr 300 000	Vedtak:	Kr 250 000
Organisasjon 17/16-4/43	VESTNORSK JAZZSENER (VNJS)				
Drift	Sogn og Fjordane fylkeskommune er medstiftar i Vestnorsk Jazzsenter (VNJS). Vestnorsk vert støtta av Norsk Kulturråd, dei 3 vestlandsfylka og Bergen kommune. Jazzsenter skal vere eit ressurs- og kompetansesenter for dei ulike aktørane på jazzfeltet på Vestlandet, bl.a. gjennom VRAK og utdanningsinstitusjonane. Dei samarbeider med Balejazz om utvikling festivalen i Balestrand. VNJS brukar også Balejazz som møteplass for internasjonale kontaktar (arrangørar, formidlarar, journalistar, m.m.). VNJS har ei sentral rolle i å bidra med å utvikle jazzmiljøet i Sogn og Fjordane, og samarbeider også med Førdefestivalen i utvikinga av FolkJazzscena i fylket. Dei har og eit samarbeid med Førdefestivalen og BRAK gjennom det regionale rytmiske kompetansesenteret (VRAK).				
Tiltak	Vestnorsk Jazzsenter søker og om støtte til Sommarjazzkurs på Jølster. Kurset er eit samarbeid med Jølster Jazzklubb og Firda Vidaregåande skule. Aldersgruppa 15 – 25 år kjernealder, men er opent for alle aldersgruppe. Kurset tilpassar deler av undervisninga mot ungdom som har tenkt seg ei jazzutdanning. Kurset har på kort tid etablert seg som eit attraktivt og populært tilbod. Inntektene er deltakaravgift, egne midlar og forventa offentleg stønad.				
Vurdering	Gjennom nye prosjektinitiativ der VNJS er sentrale ser fylkesdirektøren at det skjer ei utvikling av musikklivet også i vårt fylke. Det vil difor vere naturleg å vurdere å øyremerkje støtte til VNJS inn mot prosjekt som heilt tydeleg har Sogn og Fjordane som nedslagsfelt for sin aktivitet, samstundes som tilknytninga til VNJS er viktig for å sikre tilgangen til kompetanse og nettverk som institusjonen sit på. Det vert totalt løyvd kr 110 000 til Vestnorsk Jazzsenter. Sommarkurs på Jølster må dekkast innanfor denne løyvinga.				
Budsjett	9,3 mill (drift) 385 000 (tiltak)	Søknads- sum:	Kr 110 000 (drift) Kr 30 000 (tiltak)	Vedtak:	Kr 110 000 til drift og sommarkurs